

RAPPORT

2019

REGISTER OVER SVANGSKAPSAVBROT (ABORTREGISTERET)

Rapport om svangerskapsavbrot for 2018

**Rapport om
svangerskapsavbrot
for 2018**

**Register over svangerskapsavbrot
(Abortregisteret)**

Mette Løkeland (redaktør)
Rupali Akerkar
Olaug Margrete Askeland
Rannveig Heiberg-Andersen
Mona Tornensis Hornæs
Petur Benedikt Juliusson
Yngve Pedersen
Ingvei Seliussen



Utgeve av Folkehelseinstituttet
Område for helsedata og digitalisering
Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret)
Mars 2019

Tittel:

Rapport om svangerskapsavbrot for 2018

Forfattarar:

Mette Løkeland (redaktør)
Rupali Akerkar
Olaug Margrete Askeland
Mona Tornensis Hornæs
Rannveig Heiberg-Andersen
Petur Benedikt Juliusson
Yngve Pedersen
Ingvei Seliussen

Publikasjonstype: Rapport

Bestilling:

Rapporten kan lastast ned som pdf
på Folkehelseinstituttet sin nettstad: www.fhi.no

Folkehelseinstituttet
Postboks 4404 Nydalen
NO-0403 Oslo
Telefon: 21 07 70 00

Grafisk designmal:

Per Kristian Svendsen og Grete Sjøimer

Layout omslag:

Unni Harsten

Opplag: Berre elektronisk

Foto omslag:

Colourbox

ISSN 1891-6392

Emneord (MeSH): abort, abortregisteret, helseregister

Sitering: Løkeland M, Heiberg-Andersen R, Akerkar R, Pedersen Y, Askeland OM, Hornæs M, Seliussen I, Juliusson PB. "Rapport om svangerskapsavbrot for 2018". [Report on termination of pregnancies for 2018] Rapport nr. [1]–2019. Bergen: Folkehelseinstituttet, 2019.

Innhald

1. Innleiing	5
2. Datagrunnlaget	6
3. Kvalitetssikring	7
4. Kommentar til statistikken for 2018	8
5. Figurar og tabellar	10
Figur 1. Utførte svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner etter kvinna sin alder 2004-2018. Kjelde: Abortregisteret.....	10
Figur 2. Fødselar per 1 000 kvinner for kvinner 15-49 år i perioden 2004-2018. Kjelde: Medisinsk fødselsregister.....	10
Tabell 1. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinna sin alder 1980-2018	11
Tabell 2. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinna sitt bustadsfylke 2014-2018.....	12
Tabell 3. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år etter kvinna sitt bustadsfylke 2014-2018	13
Tabell 4. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 20-24 år etter kvinna sitt bustadsfylke 2014-2018	14
Tabell 5. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og kvinna sin alder i 2018.....	15
Tabell 6. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde 2009-2018	15
Figur 3. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner for aldersgruppa 15-49, 15-19, 20-24 og 25-29 år etter kvinna sitt bustadsfylke i 2018. Kjelde: Abortregisteret.....	16
Figur 4. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i aldersgruppa 15-19 år etter kvinna sitt bustadsfylke for utvalde fylke (dei tre med lågast rate og dei tre med høgast rate) i 2018. Kjelde: Abortregisteret.....	16
Figur 5. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode 1998-2018. Kjelde: Abortregisteret.....	17
Tabell 7. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode og svangerskapslengde 2011-2018	18
Tabell 8. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot per institusjon etter metode og andel avbrot utført før 9. svangerskapsveke i 2018	19
Tabell 9. Utførte svangerskapsavbrot etter type avgjerd 1980-2018	20
Figur 6. Nemndbehandla begjæringar ¹ og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot 2009-2018. Kjelde: Abortregisteret.....	20
Figur 7. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i primærnemnd 2009-2018. Kjelde: Abortregisteret.....	21
Figur 8. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i klagenemnd 2009-2018. Kjelde: Abortregisteret.....	21
Tabell 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2009-2018	22
Figur 9. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2009-2018. .	22
Figur 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav c i 2018. Kjelde: Abortregisteret.....	23

Tabell 11. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova i 2018.....	23
Tabell 12. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2018, vedtak i primærnemnd	24
Tabell 13. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2018, vedtak i klagenemnd.....	24
Tabell 14. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter kvinna sitt bustadsfylke i 2018	25
Tabell 15. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter utførande helseinstitusjon i 2018.....	26
APPENDIX A. Lover og forskrifter	27
APPENDIX B. Om statistikken	28

1. Innleiing

Det føreligg statistikk over talet på begjæringar, tal på innvilga begjæringar i nemnd og tal på utførte svangerskapsavbrot i Noreg sidan 1979. Statistisk sentralbyrå hadde ansvaret for [abortstatistikken frå 1979 til og med 2005](#).

Frå og med 2006 har [Folkehelseinstituttet](#) vore ansvarleg for statistikken, og frå og med 2008 ansvarleg for databehandlinga av [Register over svangerskapsavbrudd](#) (Abortregisteret).

Innsamling, lagring, handsaming og utlevering av opplysningar i Abortregisteret er regulert i [abortregisterforskrifta](#) med heimel i [helseregisterlova](#) § 8 andre, fjerde og femte ledd, § 9 andre ledd, § 10, § 16 fjerde ledd, § 17 tredje ledd og § 34 fjerde ledd.

Denne rapporten viser endelege tal over begjæringar om og utførte svangerskapsavbrot i Noreg i 2018.

2. Datagrunnlaget

Folkehelseinstituttet mottar opplysningar som er bestemt i abortregisterforskrifta § 1-7. Opplysningane vert sendt i elektroniske meldingar frå alle meldepliktige helseinstitusjonar, det vil seia alle sjukehus som utfører svangerskapsavbrot.

Meldingane som gjeld sjølvbestemte svangerskapsavbrot (innan utgangen av 12. svangerskapsveke), inneheld aidentifiserte personopplysningar, administrative opplysningar og medisinske opplysningar.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot (etter utgangen av 12. svangerskapsveke), er i utgangspunktet personidentifiserande og omfattar i tillegg til opplysningane beskrive over, opplysningar om indikasjon for svangerskapsavbrotet og om vedtak gjort i nemnd.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot etter [abortlova](#) § 2, tredje ledd, bokstavane a, b, d, og e, eventuelt kombinasjonar av desse bokstavane, vert aidentifisert etter kvalitetssikringa, og etter det lagra aidentifisert.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, bokstav c vert registrert personidentifiserbart i [Medisinsk fødselsregister](#) med heimel i [Medisinsk fødselsregisterforskrifta](#) § 1-2, første ledd nr. 3. Spesifiserte opplysningar om patologiske tilstandar/medfødde misdanningar i desse tilfella inngår ikkje i abortstatistikken, men i [statistikken for Medisinsk fødselsregister](#).

3. Kvalitetssikring

Meldingane om begjæring om og utføring av svangerskapsavbrot vert registrert og lagra fortløpande i Abortregisteret ved Folkehelseinstituttet.

Kvalitetssikringsrutina omfattar kontroll av at meldingane inneheld alle opplysningar som er relevante og nødvendige for å oppnå føremålet med registeret, jf. abortregisterforskrifta § 1-7, andre ledd. Dersom nokre av dei obligatoriske opplysningane manglar, eller ved meldefeil, tar ein kontakt med dei einsskilde helseinstitusjonane for å komplettere og/eller korrigere meldingane.

Som ledd i kvalitetssikringa av Abortregisteret, og for å gjera abortstatistikken meir tilgjengeleg, har Folkehelseinstituttet i løpet av 2013-2017 gjennomgått dei ulike historiske datasetta og samla alle data frå 1979 til i dag i ein database. I 2017 har ein i tillegg fått ny elektronisk løysing som har gjeve forbetring av kvaliteten på data i registeret. Det har medført små justeringar i tidlegare publiserte tal.

4. Kommentar til statistikken for 2018

I 2018 vart det sendt inn 13 641 begjæringar om svangerskapsavbrot og utført 12 380 svangerskapsavbrot i Noreg. Dette er 364 (2,9 %) færre svangerskapsavbrot enn i 2017 (Tabell 1).

Avbrotsraten har ein nedgang frå 10,6 i 2017 til 10,3 per 1 000 kvinner i fertil alder (15-49 år) i 2018. Finnmark, Oslo og Troms er dei fylka med flest svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner; 14,1 i Finnmark, 13,5 i Troms og 12,6 i Oslo. Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Rogaland hadde dei lågaste ratene for svangerskapsavbrot; med 7,3 per 1 000 kvinner i Sogn og Fjordane, 8,2 i Møre og Romsdal og 8,6 i Rogaland (Tabell 2).

Sidan 2008 har det vore ein nedgang i talet på abortar per 1000 fødsjar for alle kvinner i fertil alder (15-49 år) (Figur 2).

Talet på svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år¹ går ytterlegare ned

Nedgangen i svangerskapsavbrot ein har sett blant dei yngste kvinnene sidan 2008 heldt fram frå 2017 til 2018; med eit fall i abortraten frå 6,3 til 5,5 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år. I 1980 var talet 22,5 per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år og den gongen var det denne aldersgruppa som hadde den høgste abortraten av alle (Tabell 1).

Finnmark hadde høgast førekomst av svangerskapsavbrot blant kvinner i aldersgruppa 15-19 år, med 11,5 per 1 000 kvinner, etterfølgt av Troms og Oslo med 8,3 og 7,5 per 1 000 kvinner. Lågaste førekomst av svangerskapsavbrot finn ein i Sogn og Fjordane med 2,2 per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år. (Tabell 3 og Figur 3). Bortsett frå Finnmark ligg alle på ein rate under 10 per 1 000 kvinner. Hedmark hadde den største nedgangen frå ein rate på 7,1 til 2,8 per 1000 kvinner frå 2017 til 2018 (Figur 4).

Avbrotsraten er høgast i aldersgruppa 25-29 år

Aldersgruppa 20-24 år (Figur 1) har lenge hatt den høgaste førekomsten av svangerskapsavbrot, men den har vore fallande dei siste åra, og har no vorte lågare enn avbrotsraten i aldersgruppa 25-29 år. I 2015 var raten 21,1 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner både i alderen 20-24 og 25-29 år mot 16,9 og 17,6 i 2018 (Tabell 1).

Finnmark hadde høgast førekomst med 25,0 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner, medan Vest-Agder hadde lågast førekomst med 12,2 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i alderen 20-24 år. Bortsett frå Finnmark og Troms har alle no ein rate under 20 per 1 000 kvinner.

¹ Disse tala inkluderer tal for aldersgruppa under 15 år. I 2018 vart det utført 17 svangerskapsavbrot i aldersgruppa under 15 år.

Framleis auke i bruk av medikamentell behandling som avbrottsmetode

Medikamentell behandling ved svangerskapsavbrot vart gjort tilgjengeleg i Noreg i 1998. Etter det har vi sett ei tilnærma total omlegging av behandlinga frå kirurgisk til medikamentell avbrottsmetode. Medikamentell metode har vore den mest brukte avbrottsmetoden sidan 2008 ved sjølvbestemte svangerskapsavbrot, og bruken har vore gradvis aukande (Figur 5). I 2018 vart 91,0 % av dei sjølvbestemte avbrota gjennomført medikamentelt, medan andelen var 45,3 % i 2007 (Figur 5). Nordlandssykehuset Vesterålen (63,2 %) har lågast bruk av medikamentell avbrottsmetode, medan Ringerike sykehus (0,7 %) har lågast bruk av kirurgisk metode (Tabell 8). Skilnad i prosentdelen medikamentell abort kan skuldast at ikkje alle sjukehus har tilbod om medikamentell abort i 9-12 svangerskapsveke.

Sjølvbestemte og nemndbehandla svangerskapsavbrot

Dei fleste sjølvbestemte avbrot vert utført før 9. svangerskapsveke (82,6 %) (Tabell 8). Av alle utførte svangerskapsavbrot i 2018 var 11 816 (95,4 %) sjølvbestemte, og 564 (4,6 %) nemndbehandla (Tabell 9). Dei sjukehusa med lågast førekomst av svangerskapsavbrot før 9. veke er Lofoten sjukehus (64,6 %), Ålesund sjukehus (71,6 %) og Haukeland sjukehus (75,2 %) (Tabell 8). Dette er under landsgjennomsnittet for svangerskapsavbrot utført før 9. veke på 82,6 % (Tabell 8).

Særskilt om nemndbehandla svangerskapsavbrot

Ei begjæring om svangerskapsavbrot etter utgangen av 12. svangerskapsveke vert handsama i nemnd; fyrst i ei primærnemnd, og dersom den gir avslag, skal primærnemnda straks sende vedtaket og dokumenta i saka til ei sentral klagenemnd, jf. abortlova § 8 andre ledd. Frå 15. februar 2010 har klagesakene vorte sendt til Den sentrale klagenemnda som vert administrert av Helsedirektoratet og er lagt til Oslo universitetssykehus.


Det vart utført 564 nemndbehandla svangerskapsavbrot i 2018, som er 11 (2 %) fleire enn i 2017. Av dei utførte nemndbehandla avbrota i 2018 vart 550 (97,5 %) innvilga i primærnemnd og 14 (2,5 %) i Den sentrale klagenemnda (Tabell 9).

Det var 430 begjæringar om avbrot før 18 veke. Av dei var 400 innvilga i primærnemnd og 385 utført. Av dei 8 som fekk avslag i primærnemnd møtte 5 i klagenemnd der 4 vart innvilga og ei fekk avslag. Tre av desse vart utført. Dersom ein ser bort frå fråfall har 1/430 kvinner som begjærte abort før utgangen av 18. veke fått avslag i både primærnemnd og klagenemnd.


Vi ser ein nedgang i talet på avbrot innvilga etter § 2 tredje ledd bokstav a og b som omhandlar kvinna si helse og livssituasjon. Dette følger nedgangen i abortraten generelt. I staden ser vi ein auke i talet på avbrot innvilga etter abortlova § 2 tredje ledd bokstav c, dvs. grunna stor fare for at barnet kan få ein alvorleg sjukdom som følge av arvelege anlegg, sjukdom eller skadelege påverknader under svangerskapet (Figur 9). Noko av denne auken kan forklarast ved at kvinner får barn seinare i livet. Dei fleste av dei nemndbehandla avbrota vert utført før 18. svangerskapsveke (Figur 10).

Av dei 564 nemndbehandla avbrota vart 398 (70,6 %) handsama og utført ved dei 7 største helseinstitusjonane (Tabell 15).

5. Figurar og tabellar



Figur 1. Utførte svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner etter kvinne sin alder 2004-2018.
Kjelde: Abortregisteret.



Figur 2. Fødsler per 1 000 kvinner for kvinner 15-49 år i perioden 2004-2018.
Kjelde: Medisinsk fødselsregister.

Tabell 1. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinna sin alder 1980-2018²

År	Total mengd	Per 1 000 kvinner, etter alder							
		15-19 år	15-19 år	20-24 år	25-29 år	30-34 år	35-39 år	40-44 år	45-49 år
1980	13 532	14,6	22,5	22,2	16,3	13,7	11,4	6,8	0,8
1985	14 598	14,7	21,7	26,1	18,1	13,8	10,3	4,6	0,8
1990	15 552	14,7	20,1	28,6	21,8	14,3	10,0	3,6	0,5
1995	13 874	12,9	15,3	24,0	20,3	15,2	9,8	4,3	0,5
2000	14 675	13,7	20,1	28,0	20,1	15,3	10,8	3,7	0,3
2005	13 991	12,9	15,4	27,4	20,5	15,1	11,0	4,0	0,3
2010	15 741	13,8	14,1	29,2	23,1	16,9	11,7	4,4	0,4
2014	14 067	11,8	9,6	21,8	20,7	15,9	11,4	4,2	0,4
2015	14 032	11,7	8,3	21,1	21,1	16,4	11,3	4,3	0,5
2016	13 195	11,0	7,6	19,0	19,3	16,1	10,8	4,2	0,4
2017	12 744	10,6	6,3	18,0	19,1	15,6	11,0	3,9	0,3
2018	12 380	10,3	5,5	16,9	17,6	16,1	11,2	4,2	0,3

² Tala avvik noko frå tidlegare publiseringar grunna kontinuerleg arbeid med datakvaliteten og samling av data i ein ny database. Dette arbeidet er utført i løpet av perioden 2013-2018.

Tabell 2. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinne sitt bustadsfylke 2014-2018

Fylke	2014		2015		2016		2017		2018	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	14 067	11,8	14 032	11,7	13 195	11,0	12 744	10,6	12 380	10,3
Østfold	734	11,6	705	11,1	747	11,7	696	10,9	667	10,5
Akershus	1 553	11,6	1 579	11,6	1 423	10,4	1 471	10,6	1 430	10,2
Oslo	2 827	16,2	2 862	16,1	2 629	14,5	2 472	13,5	2 333	12,6
Hedmark	489	12,0	485	12,0	409	10,1	446	11,0	386	9,6
Oppland	446	11,2	472	11,9	386	9,8	373	9,5	370	9,5
Buskerud	717	11,7	662	10,7	644	10,4	663	10,7	588	9,5
Vestfold	620	11,5	617	11,5	540	10,0	571	10,6	527	9,8
Telemark	454	12,2	431	11,6	389	10,5	374	10,2	330	9,1
Aust-Agder	262	10,3	230	9,0	209	8,2	202	8,0	234	9,3
Vest-Agder	385	9,3	360	8,6	363	8,6	354	8,4	372	8,7
Rogaland	919	8,3	1 048	9,4	991	8,9	890	8,1	943	8,6
Hordaland	1 241	10,4	1 241	10,3	1 201	9,9	1 078	8,9	1 103	9,1
Sogn og Fjordane	209	9,1	226	9,9	221	9,7	163	7,2	166	7,3
Møre og Romsdal	498	8,9	499	8,8	493	8,7	446	7,9	459	8,2
Trøndelag	1 170	11,5	1 038	10,1	1 074	10,4	1 053	10,2	1 027	9,9
Nordland	660	12,7	676	13,1	643	12,5	602	11,8	543	10,7
Troms	518	14,0	504	13,6	455	12,2	502	13,5	504	13,5
Finnmark	247	14,6	260	15,4	236	14,0	229	13,7	234	14,1
Ukjend/Anna ¹	118		137		142		159		164	

¹ Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 3. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år etter kvinne sitt bustadsfylke 2014-2018

Fylke	2014		2015		2016		2017		2018	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	1 522	9,6	1 313	8,3	1 199	7,6	992	6,3	860	5,5
Østfold	85	9,4	73	8,0	79	8,8	71	8,0	46	5,3
Akershus	161	8,6	166	8,8	117	6,2	106	5,6	104	5,4
Oslo	168	11,6	138	9,4	156	10,4	122	8,1	115	7,5
Hedmark	70	11,8	53	9,0	42	7,2	41	7,1	16	2,8
Oppland	56	9,7	57	9,9	54	9,4	39	6,8	32	5,7
Buskerud	67	8,2	53	6,5	57	6,9	39	4,7	29	3,6
Vestfold	86	11,2	61	7,9	50	6,5	41	5,4	36	4,8
Telemark	58	10,7	48	8,9	48	8,9	28	5,3	25	4,8
Aust-Agder	37	9,8	20	5,3	15	4,1	20	5,6	17	4,8
Vest-Agder	53	8,6	39	6,3	40	6,6	34	5,6	40	6,6
Rogaland	97	6,4	97	6,4	85	5,6	80	5,3	58	3,9
Hordaland	132	8,3	131	8,2	106	6,6	87	5,5	96	6,1
Sogn og Fjordane	32	8,5	30	8,1	15	4,1	7	1,9	8	2,2
Møre og Romsdal	75	8,9	60	7,1	54	6,4	39	4,7	34	4,1
Trøndelag	132	9,4	96	6,9	105	7,6	96	7,0	91	6,7
Nordland	112	13,9	86	10,9	81	10,5	54	7,3	42	5,8
Troms	64	12,5	66	13,0	54	10,8	50	10,2	40	8,3
Finnmark	32	13,0	32	13,1	35	14,4	26	10,8	27	11,5
Ukjend/Anna ¹	5		7		6		12		4	

¹ Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 4. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 20-24 år etter kvinne sitt bustadsfylke 2014-2018

Fylke	2014		2015		2016		2017		2018	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	3 644	21,8	3 518	21,1	3 149	19,0	2 981	18,0	2 789	16,9
Østfold	196	23,4	175	21,1	177	21,4	157	19,0	148	18,1
Akershus	332	20,4	320	19,6	291	17,8	309	18,9	268	16,2
Oslo	694	28,3	706	28,9	618	25,4	583	23,9	479	19,7
Hedmark	116	20,3	117	20,6	91	15,9	128	22,3	84	14,8
Oppland	118	20,3	125	21,8	97	17,2	87	15,5	96	17,2
Buskerud	193	24,5	156	19,9	127	16,4	144	18,8	115	15,1
Vestfold	166	23,4	158	22,4	125	17,8	132	19,0	129	18,8
Telemark	126	23,9	105	20,2	84	16,4	82	16,2	86	17,2
Aust-Agder	73	20,5	62	17,5	54	15,5	35	10,3	62	18,7
Vest-Agder	109	17,6	110	17,6	96	15,4	77	11,9	83	12,2
Rogaland	230	15,0	275	18,1	255	17,0	186	12,6	205	14,0
Hordaland	347	19,4	325	18,1	318	17,7	285	16,0	274	15,4
Sogn og Fjordane	56	16,2	62	18,0	51	14,8	42	12,2	42	12,3
Møre og Romsdal	154	19,1	143	17,8	128	16,1	118	15,0	110	14,3
Trøndelag	306	19,2	262	16,4	247	15,4	226	14,0	228	14,2
Nordland	185	24,5	185	24,6	170	22,5	162	21,4	147	19,7
Troms	135	24,0	128	22,9	124	22,2	129	22,9	131	23,3
Finnmark	76	30,2	66	26,4	56	22,8	63	25,6	61	25,0
Ukjend/Anna ¹	32		38		40		36		41	

¹ Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 5. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og kvinne sin alder i 2018


Alder	Total mengd	Svangerskapslengde							
		Veke 0-6	Veke 7-8	Veke 9-10	Veke 11-12	Veke 13-18	Veke 19-21	Veke 22+	Ikkje oppgitt
Alle aldrar	12 380	4 984	4 776	1 454	602	388	167	9	0
15-19 år ¹	860	328	350	106	39	33	4	0	0
20-24 år	2 789	1 120	1 101	338	145	64	19	2	0
25-29 år	3 198	1 292	1 235	389	140	89	50	3	0
30-34 år	2 840	1 183	1 051	327	130	84	62	3	0
35-39 år	1 905	760	746	210	98	68	22	1	0
40-44 år	728	271	274	81	46	47	9	0	0
45-49 år ²	60	30	19	3	4	3	1	0	0

¹ Inkluderer tal for kvinner under 15 år (17 avbrot blant dei under 15 år).


² Inkluderer tal for kvinner over 49 år (1 avbrot blant dei over 49 år).

Tabell 6. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde 2009-2018


År	Total mengd	Svangerskapslengde							
		Veke 0-6	Veke 7-8	Veke 9-10	Veke 11-12	Veke 13-18	Veke 19-21	Veke 22+	Ikkje oppgitt
2009	15 790	4 986	6 495	2 668	1 031	479	116	9	6
2010	15 741	5 055	6 487	2 576	969	521	109	19	5
2011	15 365	5 016	6 406	2 427	885	487	120	17	7
2012	15 229	4 943	6 328	2 414	890	500	141	8	5
2013	14 778	4 814	6 174	2 324	825	479	151	5	6
2014	14 067	4 659	5 983	2 161	719	412	121	11	1
2015	14 032	5 208	5 585	1 982	671	464	115	6	1
2016	13 195	4 871	5 299	1 801	646	440	122	5	11
2017	12 744	4 894	5 011	1 655	638	395	142	9	0
2018	12 380	4 984	4 776	1 454	602	388	167	9	0



Figur 3. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner for aldersgruppa 15-49, 15-19, 20-24 og 25-29 år etter kvinna sitt bustadsfylke i 2018. Kjelde: Abortregisteret.



Figur 4. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i aldersgruppa 15-19 år etter kvinna sitt bustadsfylke for utvalde fylke (dei tre med lågast rate og dei tre med høgast rate) i 2018. Kjelde: Abortregisteret.



Figur 5. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode 1998-2018. Kjelde: Abortregisteret.

Tabell 7. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode og svangerskapslengde 2011-2018

År	Total mengd	Svangerskapslengde																				Ikkje oppgitt
		9 veker og under				10 veker				11 veker				12 veker				Over 12 veker ¹				
		Medikamentell		Kirurgisk		Medikamentell		Kirurgisk		Medikamentell		Kirurgisk		Medikamentell		Kirurgisk		Medikamentell		Kirurgisk		
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	
2011	14 724	10 610	72,1	2 397	16,3	401	2,7	441	3,0	271	1,8	264	1,8	178	1,2	155	1,1	0	0,0	0	0,0	7
2012	14 573	10 757	73,8	2 126	14,6	451	3,1	351	2,4	322	2,2	256	1,8	195	1,3	110	0,8	0	0,0	0	0,0	5
2013	14 142	10 703	75,7	1 850	13,1	425	3,0	334	2,4	293	2,1	251	1,8	186	1,3	94	0,7	0	0,0	0	0,0	6
2014	13 520	10 586	78,3	1 565	11,6	390	2,9	262	1,9	279	2,1	194	1,4	148	1,1	95	0,7	0	0,0	0	0,0	1
2015	13 443	10 759	80,0	1 352	10,1	417	3,1	247	1,8	286	2,1	165	1,2	149	1,1	67	0,5	0	0,0	0	0,0	1
2016	12 622	10 224	81,0	1 172	9,3	375	3,0	200	1,6	281	2,2	141	1,1	148	1,2	70	0,6	0	0,0	0	0,0	11
2017	12 191	10 020	82,2	1 036	8,5	315	2,6	187	1,5	291	2,4	116	1,0	167	1,4	54	0,4	4	0,0	1	0,0	0
2018	11 816	9 964	84,3	764	6,5	346	2,9	140	1,2	302	2,6	105	0,9	138	1,2	55	0,5	2	0,0	0	0,0	0


¹ I grensetilfelle vil sjukehuset kategorisere ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 8. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot per institusjon etter metode og andel avbrot utført før 9. svangerskapsveke i 2018

Helseinstitusjon	Total mengd	Medikamentell		Kirurgisk		8 veker og under	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
Alle institusjonar	11 816	10 752	91,0	1 064	9,0	9 760	82,6
Akershus Universitetssykehus	1 218	1 034	84,9	184	15,1	1 040	85,4
Bærum sykehus	397	371	93,5	26	6,5	339	85,4
Drammen sykehus	410	388	94,6	22	5,4	353	86,1
Finnmarkssykehuset, Klinikk Hammerfest	166	146	88,0	20	12,0	148	89,2
Finnmarkssykehuset, Klinikk Kirkenes	54	46	85,2	8	14,8	42	77,8
Førde sentralsykehus	125	115	92,0	10	8,0	114	91,2
Haugesund sjukehus	209	199	95,2	10	4,8	169	80,9
Haukeland universitetssjukehus	929	915	98,5	14	1,5	699	75,2
Helgelandssykehuset Mo i Rana	85	74	87,1	11	12,9	74	87,1
Helgelandssykehuset Sandnessjøen	72	64	88,9	8	11,1	58	80,6
Kongsberg sykehus	104	96	92,3	8	7,7	90	86,5
Kristiansund sykehus	80	73	91,3	7	8,8	64	80,0
Longyearbyen sykehus	6	6	100,0	0	0,0	4	66,7
Molde sjukehus	83	78	94,0	5	6,0	69	83,1
Nordlandssykehuset Bodø	193	186	96,4	7	3,6	163	84,5
Nordlandssykehuset Lofoten	48	45	93,8	3	6,3	31	64,6
Nordlandssykehuset Vesterålen	76	48	63,2	28	36,8	61	80,3
Odda sjukehus	17	17	100,0	0	0,0	17	100,0
Oslo universitetssykehus	1 993	1 627	81,6	366	18,4	1 732	86,9
Ringerike sykehus	151	150	99,3	1	0,7	124	82,1
St. Olavs hospital	802	782	97,5	20	2,5	629	78,4
Stavanger universitetssjukehus	725	712	98,2	13	1,8	554	76,4
Stord sjukehus	65	63	96,9	2	3,1	64	98,5
Sykehuset i Vestfold Tønsberg	462	404	87,4	58	12,6	396	85,7
Sykehuset Innlandet Elverum	260	248	95,4	12	4,6	227	87,3
Sykehuset Innlandet Gjøvik	200	182	91,0	18	9,0	164	82,0
Sykehuset Innlandet Kongsvinger	118	113	95,8	5	4,2	101	85,6
Sykehuset Innlandet Lillehammer	169	164	97,0	5	3,0	136	80,5
Sykehuset Levanger	170	160	94,1	10	5,9	139	81,8
Sykehuset Namsos	79	66	83,5	13	16,5	62	78,5
Sykehuset Telemark	276	259	93,8	17	6,2	218	79,0
Sykehuset Østfold	629	566	90,0	63	10,0	517	82,2
Sørlandet sykehus Arendal	195	185	94,9	10	5,1	158	81,0
Sørlandet sykehus Kristiansand	376	340	90,4	36	9,6	321	85,4
Univ. sykehuset Nord-Norge	362	341	94,2	21	5,8	278	76,8
Univ. sykehuset Nord-Norge Harstad	112	109	97,3	3	2,7	94	83,9
Univ. sykehuset Nord-Norge Narvik	53	51	96,2	2	3,8	43	81,1
Volda sjukehus	85	83	97,6	2	2,4	67	78,8
Voss sjukehus	68	60	88,2	8	11,8	62	91,2
Ålesund sjukehus	194	186	95,9	8	4,1	139	71,6


Tabell 9. Utførte svangerskapsavbrot etter type avgjerd 1980-2018

År	Total mengd	Sjølvestemt		Innvilga i primærnemnd		Innvilga i klagenemnda	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
1980	13 532	13 121	97,0	380	2,8	31	0,2
1985	14 598	14 242	97,6	347	2,4	9	0,1
1990	15 552	15 219	97,9	320	2,1	13	0,1
1995	13 874	13 530	97,5	343	2,5	1	0,0
2000	14 675	14 153	96,4	509	3,5	13	0,1
2005	13 991	13 410	95,8	574	4,1	8	0,1
2010	15 741	15 069	95,7	652	4,1	20	0,1
2014	14 067	13 520	96,1	529	3,8	18	0,1
2015	14 032	13 443	95,8	577	4,1	12	0,1
2016	13 195	12 622	95,7	554	4,2	19	0,1
2017	12 744	12 191	95,7	535	4,2	18	0,1
2018	12 380	11 816	95,4	550	4,4	14	0,1



¹ Nemndbehandla begjæringar som går til klagenemnd vert telt berre ein gong.


Figur 6. Nemndbehandla begjæringar¹ og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot 2009-2018. Kjelde: Abortregisteret.



Årsaker til «Manglar» kan til dømes vera at kvinna har trekt begjæringa eller ikkje møtt i nemnd.

Figur 7. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i primærnemnd 2009-2018.

Kjelde: Abortregisteret.



Årsaker til «Manglar» kan til dømes vera at kvinna har trekt begjæringa eller ikkje møtt i nemnd.

Figur 8. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i klagenemnd 2009-2018.


Kjelde: Abortregisteret.

Tabell 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2009-2018


År	Total mengd	Indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd, mengd ²							
		§ 2.3a	§ 2.3b	§ 2.3c	§§ 2.3a og 2.3b	§§ 2.3a og 2.3c	§§ 2.3b og 2.3c	Anna ¹	Ikkje oppgitt
2009	623	59	249	231	51	16	3	14	1
2010	672	51	300	245	36	11	12	17	2
2011	641	38	292	248	34	9	5	15	0
2012	656	36	276	278	36	9	7	14	7
2013	636	40	256	295	23	7	5	9	5
2014	547	37	202	250	41	3	7	7	1
2015	589	48	239	250	24	1	10	17	3
2016	573	31	240	262	27	2	6	4	4
2017	553	18	198	295	27	4	3	8	0
2018	564	27	173	319	25	8	3	9	0

¹ Indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav d og bokstav e, og andre kombinasjonar av bokstavane som ikkje er vist i tabellen.

² Indikasjonane i abortlova § 2, tredje ledd.



Figur 9. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2009-2018.



Figur 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav c i 2018. Kjelde: Abortregisteret.

Tabell 11. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova i 2018

Svangerskaps- lengde	Total mengd	§ 2.3c		Andre enn § 2.3c		Ikkje oppgitt	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
Alle veker	564	331	100,0	233	100,0	0	
Veke 12 ¹	2	1	0,3	1	0,4	0	
Veke 13	96	38	11,5	58	24,9	0	
Veke 14	83	33	10,0	50	21,5	0	
Veke 15	57	22	6,6	35	15,0	0	
Veke 16	52	27	8,2	25	10,7	0	
Veke 17	47	22	6,6	25	10,7	0	
Veke 18	51	37	11,2	14	6,0	0	
Veke 19	74	61	18,4	13	5,6	0	
Veke 20	47	39	11,8	8	3,4	0	
Veke 21	46	42	12,7	4	1,7	0	
Veke 22 og over	9	9	2,7	0	0,0	0	

¹ I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 12. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2018, vedtak i primærnemnd

Svangerskaps- lengde	Nemnd- behandla begjæringar	Vedtak i primærnemnd				Utførte nemnd- behandla svangerskaps- avbrot
		Innvilga	Avslått	Manglar	Ikkje oppgitt	
Alle veker	636	566	30	38	3	550
Veke 12 ¹	3	2	0	1	0	2
Veke 13	101	98	0	3	0	96
Veke 14	94	84	1	9	0	82
Veke 15	64	60	0	4	0	57
Veke 16	57	56	0	1	0	52
Veke 17	55	50	3	2	0	47
Veke 18	56	50	4	2	0	49
Veke 19	81	69	7	4	1	69
Veke 20	52	45	4	2	1	44
Veke 21	50	43	6	1	0	43
Veke 22 og over	18	9	5	4	1	9

¹ I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 13. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2018, vedtak i klagenemnd

Svangerskaps- lengde	Nemnd- behandla begjæringar	Vedtak i klagenemnd				Utførte nemnd- behandla svangerskaps- avbrot
		Innvilga	Avslått	Manglar	Ikkje oppgitt	
Alle veker	24	16	6	2	0	14
Veke 12 ¹	0	0	0	0	0	0
Veke 13	0	0	0	0	0	0
Veke 14	1	1	0	0	0	1
Veke 15	0	0	0	0	0	0
Veke 16	0	0	0	0	0	0
Veke 17	1	0	1	0	0	0
Veke 18	3	3	0	0	0	2
Veke 19	7	6	1	0	0	5
Veke 20	5	3	1	1	0	3
Veke 21	5	3	1	1	0	3
Veke 22 og over	2	0	2	0	0	0

¹ I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 14. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter kvinna sitt bustadsfylke i 2018

Fylke	Begjæringar		Utførte	
	Mengd ¹	Prosent	Mengd	Prosent
Heile landet	638	100,0	564	100,0
Østfold	40	6,3	39	6,9
Akershus	76	11,9	66	11,7
Oslo	120	18,8	109	19,3
Hedmark	17	2,7	17	3,0
Oppland	19	3,0	18	3,2
Buskerud	32	5,0	30	5,3
Vestfold	26	4,1	25	4,4
Telemark	15	2,4	14	2,5
Aust-Agder	8	1,3	6	1,1
Vest-Agder	23	3,6	17	3,0
Rogaland	54	8,5	50	8,9
Hordaland	66	10,3	55	9,8
Sogn og Fjordane	16	2,5	12	2,1
Møre og Romsdal	18	2,8	17	3,0
Trøndelag	56	8,8	47	8,3
Nordland	20	3,1	18	3,2
Troms	14	2,2	11	2,0
Finnmark	11	1,7	9	1,6
Ukjend/Anna ²	7	1,1	4	0,7

¹ Nemndbehandla begjæringar som går til klagenemnd vert telt berre ein gong.
² Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 15. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter utførande helseinstitusjon i 2018

Helseinstitusjon	Begjæringar		Utførte	
	Mengd ¹	Prosent	Mengd	Prosent
Alle institusjonar	638	100,0	564	100,0
Akershus universitetssykehus	53	8,3	42	7,4
Bærum sykehus	18	2,8	17	3,0
Drammen sykehus	21	3,3	20	3,5
Finmarkssykehuset	5	0,8	4	0,7
Førde sentralsykehus	12	1,9	9	1,6
Haugesund sjukehus og Stavanger universitetssjukehus	53	8,3	49	8,7
Haukeland universitetssjukehus	67	10,5	54	9,6
Helgelandssykehuset	5	0,8	4	0,7
Helse Møre og Romsdal, Kristiansund	3	0,5	3	0,5
Helse Møre og Romsdal, Volda og Ålesund	8	1,3	7	1,2
Helse Nord-Trøndelag	7	1,1	6	1,1
Nordlandssykehuset	10	1,6	9	1,6
Oslo universitetssykehus Rikshospitalet	99	15,5	97	17,2
Oslo universitetssykehus Ullevål	51	8,0	42	7,4
Ringerike sykehus	6	0,9	6	1,1
St. Olavs hospital	75	11,8	65	11,5
Sykehuset i Vestfold Tønsberg	18	2,8	17	3,0
Sykehuset Innlandet Elverum	11	1,7	11	2,0
Sykehuset Innlandet Gjøvik	7	1,1	7	1,2
Sykehuset Innlandet Kongsvinger	5	0,8	5	0,9
Sykehuset Innlandet Lillehammer	8	1,3	7	1,2
Sykehuset Telemark	16	2,5	15	2,7
Sykehuset Østfold	31	4,9	31	5,5
Sørlandet sykehus Arendal	6	0,9	4	0,7
Sørlandet sykehus Kristiansand	23	3,6	17	3,0
Univ. sykehuset Nord-Norge	17	2,7	14	2,5
Univ. sykehuset Nord-Norge Harstad og Narvik	3	0,5	2	0,4
¹ Nemndbehandla begjæringar som går til klagenemnd vert telt berre ein gong. Sentral klagenemnd er lagt til Oslo universitetssykehus Ullevål				

APPENDIX A. Lover og forskrifter

Lov 1975-06-13 nr 50: Lov om svangerskapsavbrot ([abortlova](#))

FOR-2001-06-15-635: Forskrift om svangerskapsavbrot ([abortforskrifta](#)) med merknader

FOR-2007-12-14-1418: Forskrift om innsamling og handsaming av helseopplysningar i register over svangerskapsavbrot ([abortregisterforskrifta](#))

LOV 2014-06-20 nr 43: Lov om helseregister og behandling av helseopplysningar ([helseregisterlova](#))³

FOR-2001-12-21-1483: Forskrift om innsamling og handsaming av helseopplysningar i Medisinsk fødselsregister ([Medisinsk fødselsregisterforskrifta](#))

APPENDIX B. Om statistikken

Folkehelseinstituttet sin offentleg tilgjengelege abortstatistikk på grunnlag av aidentifiserte data frå Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret). Publisert med endelege tal 8. mars 2019.

Namn på statistikken

Rapport om svangerskapsavbrot for 2018.

Dataskildring

Statistikk over svangerskapsavbrot i 2018 er basert på aidentifiserte opplysningar frå meldingar om begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå alle helseinstitusjonar (sjukehus) som utførte svangerskapsavbrot i Noreg i 2018. Det er meldeplikt for desse opplysningane til Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) etter abortregisterforskrifta § 1-7 punkt 1 til og med 6.

I 2018 fekk registeret inn 13 641 meldingar om begjæring om svangerskapsavbrot. Abortregisteret har frå og med 2013 årgangen nådd målet om 100 % elektronisk innmelding frå sjukehusa.

Populasjon

Kvinner som har begjært/fått utført svangerskapsavbrot i Noreg i 2018. Talet på kvinner i dei respektive aldersgruppene er henta frå Statistisk sentralbyrå.

Eining

Talet på tilfelle per 1 000 kvinner i alderen 15-49 år og tilfelle per 1 000 kvinner i spesifisert aldersgruppe.

Formål

Samfunnet skal kunne få innsyn i omfanget av begjæringar om og utførte svangerskapsavbrot, og kunne følge med på utviklinga på området. Myndighetene og helsetenesta skal få eit statistisk grunnlag for å setje i verk og evaluere målretta tiltak for å førebygge uynskte svangerskap.

Brukarar

Sentrale og lokale myndigheiter, helsetenesta, politikarar, forskarar/studentar, massemedia og publikum generelt.

Viktige omgrep

Sjølvbestemte svangerskapsavbrot vert forstått som svangerskapsavbrot utførte som følge av at kvinna har begjært avbrotet innan utgangen av 12. svangerskapsveke.

Nemndbehandla svangerskapsavbrot er svangerskapsavbrot utførte seinare enn innan utgangen av 12. svangerskapsveke, og der kvinna si begjæring er innvilga etter handsaming i abortnemnd (primærnemnd eller klagenemnd).

Meldepliktige helseinstitusjonar er dei institusjonane (sjukehusa) og eventuelle avtalespesialistar som utfører svangerskapsavbrot.

Datakjelde

Opplysningar frå elektroniske- og papirmeldingar om handsaming av begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar i Noreg.

Lovgrunnlag

Innsamling, lagring, handsaming og utlevering av opplysningar i Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) er regulert i abortregisterforskrifta med heimel i helseregisterlova § 8 andre, fjerde og femte ledd, § 9 andre ledd, § 10, § 16 fjerde ledd, § 17 tredje ledd og § 34 fjerde ledd.

Innsamling

Elektroniske- og papirmeldingar om handsaming av begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar i Noreg.

Datakvalitet

Innmeldte data vert sjekka for å unngå manglande saksnummer og dobbeltregistreringar av meldingar, unngå manglande opplysningar og unngå manglande samsvar mellom meldte opplysningar.

Inndelingar

Tidsperiode: Kalenderår

Geografi: Bustadsfylke og meldepliktige helseinstitusjonar

Alder: 5-års grupper: 15-19, 20-24, 25-29, 30-34, 35-39, 40-44 og 45-49 år. I aldersgruppa 15-19 år, inngår òg tal for aldersgruppa under 15 år, og i aldersgruppa 45-49 år inngår òg tal for aldersgruppa over 49 år. Desse tala er så små at dei ikkje påverkar ratane i noko betydeleg grad.

Anna: Svangerskapslengda i veker inndelt i grupper, lovgrunnlag (indikasjon i abortlova § 2 tredje ledd bokstav a, b, c, d, e og kombinasjonar).

Samanlikningsgrunnlag over tid og stad

Sidan 2006 har Folkehelseinstituttet ved Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) mottatt meldingane om begjæring om og utføring av svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar (alle helseinstitusjonar som utfører svangerskapsavbrot), handsama opplysningane og sett fram statistikk over svangerskapsavbrot. I perioden 1979-2005 vart dette arbeidet utført ved Statistisk sentralbyrå.

Oppdateringsfrekvens

Årleg

Publiseringsstad

På nettstaden til Folkehelseinstituttet, www.fhi.no

Publikasjonar

Rapport 2005 om nemndbehandlete svangerskapsavbrot

[Statistikk 2006](#)

Rapport om svangerskapsavbrudd 2007

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2008](#)

Rapport om svangerskapsavbrudd 2009

Rapport om svangerskapsavbrudd 2010

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2011](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2012](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2013](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2014](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2015](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2016](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2017](#)

Utgitt av Folkehelseinstituttet
Mars 2019

Postboks 4404 Nydalen

NO-0403 Oslo

Telefon: 21 07 70 00

Rapporten kan lastes ned gratis fra

Folkehelseinstituttets nettsider www.fhi.no